

Referat frå styremøte.

Tysdag 5. mars 2019 kl 21:00

Møtestad: Hardanger Fartøyvernssenter

Desse møtte: Sigrun Løkken, Erlend Haugarvoll, Øystein Utne, Runar Botnen.

Forfall: Connie Langeland.

Sakliste:

14/19. Innkalling til nytt årsmøte i Kvam Næringsråd.

Det var innkalla til ordinært årsmøte i Kvam Næringsråd på Hardanger Fartøyvernssenter den 5. mars 2019 kl 19:00, men her møtte berre 11 medlemmer. Det er ca 9% av medlemene.

§8 i KNR sine vedtekter har ei slik formulering:

Årsmøtet er vedtaksført når minst 1/5 av medlemene og minst 3 styremedlemmer, av desse leiar eller nestleiar, er til stades. Dersom eit mindre tal møter, skal styret fastsetje nytt årsmøte. Dette er vedtaksført utan omsyn til frammøte.

Årsmøtet den 5. mars var dermed ikkje vedtaksført og styret kallar derfor i samsvar med vedtektene inn til nytt årsmøte den 19. mars kl 19:00 på Kvam Fruktlager med denne saklista:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av personar til å leia årsmøtet, referera og å skriva under møtebok.
3. Årsmelding 2018
4. Rekneskap 2019
5. Budsjett for 2019.
6. Handlingsplan for 2019
7. Medlemspengar for 2019
8. Nye vedtekter for Kvam Næringsråd.
9. Val. – styre, revisor og valnemnd.

Samøystes vedtak:

Styret kallar inn til nytt årsmøte den 19. mars kl 19:00 på Kvam Fruktlager med sakliste som vist ovanfor.

Sigrun Løkken,

Erlend Haugarvoll,

Øystein Utne,

Runar Botnen.

Årsmelding for 2018

Org.nr 988 663 875

Kvam Næringsråd har som føremål å ta vare på og utvikla næringslivet sine interesser i regionen. Medlemmer kan vera firma, privatpersonar, private næringsdrivande og etatar / organisasjonar / lag med tilknytning til og interesse for næringslivet.

Styremøte og medlemsutvikling i 2018.

Det har vore halde 8 styremøte og handsama 54 saker i 2018. Medlemstalet er 31.12. 2018 er 109, ein oppgang gang på 4 frå 2017.

Arbeidsområde frå 2018.

HEIMA-magasinet.

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Norheimsund Næringslag, Øystese Næringslag og Kvam Næringsråd. Tredje årgang av dette magasinet med 2 nummer vart gjennomført i 2018. Føremålet med HEIMA er å gje merksemd det positive som skjer i næringslivet i Kvam og nabobygdene og medverka til auka samhandling mellom bygdene. Distribusjon vart i 2017 utvida til også å omfatta Samnanger i tillegg til Kvam og Jondal. HEIMA vert sendt til heimeadresser til hytteigarar på Kvamskogen og Jondal og andre hytteigarar i Kvam der vi har tilgang på adresser. Opplag 9.000. Redaksjonelt arbeid og overskot gav eit godt økonomisk bidrag til drifta av KNR.

Drift av turistformasjonen.

KNR gjorde avtale med Kvam herad om drifting av turistinformasjonen i april 2018. Vi overtok etter Reisemål Hardangerfjord både med arbeidsoppgåver og ei åreleg godtgjerdsle på kr 335.000.-. Den 7. desember 2018 la Kvam herad drift av turistinformasjonen ut som ope anbod på Doffin med ynske om tilbod på 2 år + 1 +1 år på opsjon. KNR har søkte på dette oppdraget, men dette arbeidet gjekk til selskapet Nitter Norlinder.

ZIP-line:

KNR avslutta prosjektet med støtte frå kompensasjonsmidlane og fekk utbetalt restsummen av kr 146.850 til dette prosjektet i desember 2018. KNR har no skipa eit heileigd selskap med kr 50.000 i aksjekapital og med namnet Hardanger Zipline AS som kan føra arbeidet vidare. Selskapet var operativt frå 1. januar 2019. COWI er engasjert til å laga reguleringsplan for prosjektet. Hardanger Zipline AS er registrert i Brønnøysund med desse i styret: Styreleiar Asbjørn Tolo og styremedlemene Arnstein Birkeland og Runar Botnen.

Medlemsmøte.

Den 5. juni hadde vi medlemsmøte på Bjørketeigen. Julemøtet var på Thon Sandven 6. desember. Programinnslag om Kvam Vgs ved Jon Nedkvitne og Odd Øystese informerte om eigedomsavdelinga i SpV og prisutvikling for bustadar i Kvam.

Reiseliv/turstiar.

Tone Tveit har oppdaterte våren 2018 aktivitetsmanualen for medlemmer i KNR som driv innan reiseliv. Dei som bur på hytter og hotell, eller er innom turistinformasjonen får her god oversikt kva som finst av tilbod i Kvam.

Det er også i 2018 vore aktivitet med merking av turstiar og utarbeiding av kart. Storparten av tilskotet på kr 208.000 + kr 70.000 frå Hordaland Fylkeskommune har KNR fått utbetalt i 2017 sjølv om deler av arbeidet, og dermed storparten av kostnaden er belasta 2018.

Årets verksemd i 2017 vart Fuglafjell AS som fekk si utmerking på årsmøtet til Kvam Næringsråd 20.februar 2018.

Økonomi.

Rekneskapen for 2018 syner eit underskot på kr 53.602,-.

Kvam Næringsråd har kr 191.958 på bankkonto ved årsskiftet.

Uteståande krav er kr 51.195,-, mva til gode kr 38.420 og leverandørgjeld er kr 74.224,-.

Samla godtgjersle til dagleg leiar i 2018 er kr 270.000,-.

Årets underskot vert dekkja av eigenkapitalen i KNR som 31.12. 2018 er kr 347.749,-.

,-

Tillitsvalde i Kvam Næringsråd 2018 etter årsmøtet 20.februar :

Styreleiar Sigrun Løkken, nestleiar Runar Botnen

Styremedlemer: Connie Langeland, Erlend Haugarvoll, Øystein Utne

Varamedlemer: Gunnar Egil Seljebotn og Heidi Helgheim.

Revisor: Anne Marie Øvrevik

Øystese 29. januar 2019.



Sigrun Løkken – leiar

Runar Botnen -nestleiar

Erlend Haugarvoll

Øystein Utne

Connie Langeland

Balanse

Konto 31.12.2018 31.12.2017

Balanse

EIENDELER

1280	Kontor maskiner og utstyr	33 529,47	41 911,84
1500	Utestående krav	51 195,00	221 153,50
1900	Kontanter	5 000,00	5 000,00
1901	Aksjar i Næringshagen i Hardanger	55 000,00	55 000,00
1902	Aksjar i Hardanger Zipline as	50 000,00	0,00
1920	Bank 3530 22 71222 Driftskonto	187 437,75	228 418,69
1925	Bank 3530.29.75300 KNR Reiseliv	631,79	0,00
1930	Bank 3530.25.34215 Høgrente	53,00	17 504,00
1950	Bank skattetrekk 3530 23 33260	0,00	4,00
1960	Bank 3530.07.00835 Reiseliv drift	94,00	3,00
1970	Bank 3530.18.51977 Reiseliv skattetrekk	3 741,00	3 726,00
Sum eiendeler		386 682,01	572 721,03

GJELD OG EGENKAPITAL

2050	Annen egenkapital	-401 350,17	-401 891,55
2130	Tilskot til turstiar - uopptent	0,00	-52 000,00
2131	Tilskot til ZIP-line uopptent	0,00	-113 072,00
2400	Leverandørgjeld	-74 224,00	-30 312,00
2700	Utgående merverdiavgift	79,96	0,00
2710	Inngående merverdiavgift	-3 209,10	0,00
2740	Oppgjørskonto merverdiavgift	38 419,80	24 013,14
Sum gjeld og egenkapital		-440 283,51	-573 262,41

Diff. eiendeler/gjeld og EK -53 601,50 -541,38

Resultatregnskap 2018

Kvam Næringsråd

	31.12.2018	31.12.2017
Driftsinntekter og driftskostnader		
3110 Turistinform. Salg av kart og trykkaker og mat	33 764	10 500
3111 Salg av aktivitetsmanual	7 600	0
3112 Turistkalender	2 600	25 118
3440 Offentlig tilskudd	15 000	0
3450 Tilskudd fra andre	10 000	34 000
3460 Reklameinntekter Reiseliv	0	24 600
3461 Reklame Turistinfo	33 500	0
3462 Reklame Visitkvam	13 500	0
3463 Reklame Aktivitetsmanual	19 800	0
3470 HEIMA-magasin annonse 1. utgåve	319 000	319 500
3471 HEIMA-magasin annonse 2. utgåve	295 428	324 600
Salgsinntekter	750 192	738 318
3510 Serviceavgift /medlemspengar	257 224	252 550
3520 Reklamesalg	0	0
3605 Prosjektarbeid	0	21 700
3610 Turstiar - tilskot og eigeninntening	52 000	272 250
3611 ZIP-line - tilskot og inntekter	203 712	48 778
3614 Driftstilskot frå Kvam herad til turistinfo.	335 000	0
3615 Deltakarbetaling på møte	4 250	4 600
Annen driftsinntekt	852 186	599 878
Sum driftsinntekter	1 602 378	1 338 196
6018 Avskrivningar	8 382	0
Avskrivninger driftsmidler og immatr. eiendeler	8 382	0
6300 Leie kontor	23 750	42 893
6390 Annen kostnad lokaler	534	9 341
6510 ZIP-line kostnader	200 206	25 000
6541 Skilt og utstyr til turløyper	56 401	61 885
6542 Utsyr til reiseliv	0	519
6543 Film bilete og TV	15 600	0
6544 HEIMA - 1. utgåve kostnader	255 435	313 567
6545 HEIMA - 2. utgåve kostnader	248 750	295 821
6551 Datautstyr	159	0
6560 Rekvisita	352	1 352
6600 Utstyr til turistinformasjonen	25 932	0
6601 Varekjøp til turistinformasjonen	12 254	0
6602 Matvareinnkjøp til turistinformasjonen 15%	2 028	0
6603 Lønskostnad på turistinformasjonen	241 187	0
6610 Visitkvam	27 612	0
6701 Dagleg leiar honorar	270 000	240 000
6705 Honorar styreleiar	16 000	29 600
6710 Konsulent og fagleg hjelp	5 000	9 080

Resultatregnskap 2018

Kvam Næringsråd

	31.12.2018	31.12.2017
6780 Aktivitetsmanual arbeid og kostnader	21 294	28 356
6790 Løn til arbeid med turstiar	98 200	106 030
6800 Kontorrekvisita	10 769	9 284
6810 Data/EDB- kostnad	13 230	22 103
6820 Trykksak	15 110	8 613
6840 Aviser, tidsskrifter, bøker o.l.	780	490
6850 Turistkalender kostnad	0	42 563
6860 Møte, kurs, oppdatering o.l.	32 441	38 241
6861 Årsmøtekostnad	2 679	6 470
6900 Telefon	5 000	5 959
6940 Porto	1 742	1 268
7110 Bilgodtgjerdse ikkje oppgavepliktig	0	11 305
7160 Matinnkjøp	6 083	395
7320 Reklamekostnad/annonser	3 780	200
7360 Representasjon	800	700
7400 Kontingenter	17 500	23 250
7420 Gaver	5 437	5 894
7740 Øredifferanse	23	-2
7770 Bank- og kortgebyrer	1 472	639
7771 iZettle- og vipps-gebyr	1	0
7790 Annen kostnad	1 190	0
7830 Konstaterte tap på krav og medlemspengar	9 213	6 484
Annen driftskostnad	1 647 941	1 347 301
Sum driftskostnader	1 656 324	1 347 301
Driftsresultat	-53 946	-9 105
Finansinntekter og finanskostnader		
8040 Renteinntekt	30	8 523
8051 Renter, bank	114	121
Annen renteinntekt	144	8 644
8070 Annen finansinntekt	200	0
Annen finansinntekt	200	0
8150 Rentekostnad	0	11
Annen rentekostnad	0	11
8170 Annen finanskostnad	0	70
Annen finanskostnad	0	70
Resultat av finansposter	344	8 563
Resultat før skattekostnad	-53 602	-541

Resultatregnskap 2018

Kvam Næringsråd

	31.12.2018	31.12.2017
Ordinært resultat	<u>-53 602</u>	<u>-541</u>
Ekstraordinære inntekter og kostnader		
Årsoverskudd (Årsunderskudd)	<u>-53 602</u>	<u>-541</u>
Overføringer		

Til årsmøtet i Kvam Næringsråd

Kontroll av årsrekneskapen for 2018

Avgrensing: Ved gjennomføring av kontrollhandlingane vart det sett vekk frå transaksjonar som høyrde til prosjektet zipline, då dette tidlegare er prosjektrevidert av ekstern revisor.

Eg har utført fylgjande kontrollhandlingar av utkast til årsrekneskap 2018 for Kvam næringsråd, org.nr. 988 663 875:

- at kontoutskrift bank stemmer med hovedbokskonto.
- at kundefordringar (1500) og leverandørgjeld (2400) har gyldigheit.
- at anleggsmidlar er avskrivne.
- at UB meirverdiavgift stemmer med mva.oppgjær per 6 termin 2018. Her var det eit mindre avvik på NOK 1.961 som må rettast opp i 2019.
- utført stikkprøvekontroll av vesentlege transaksjonar i resultatet med kontroll av dokumentasjon og meirverdiavgift.
- kontrollert at utbetalt honorar til styreleiar og dagleg leiar er i tråd med vedtak i styreprotokoll.

Årsresultatet for 2018 viser eit negativt beløp på kroner 53.602.

Øystese, 6.2.2019

Anne Marie Øvrevik

Økonom

Budsjett for Kvam Næringsråd 2019

	20.feb.18	
	2019	Res. 2018
3110 Sal av kart og trykksaker	5 000	33 764
3112 Sal av utstyr	10 000	2 600
3113 Sal av aktivitetsmanual		7 600
3440 Visit Kvam	25 000	13 500
3450 Tilskot frå andre (bankar m.m.)	13 000	25 000
3460 Reklameinntekter	30 000	33 500
3463 Reklame Aktivitetsmanual		19 800
3470 HEIMA-magasin	620 000	614 428
3510 Medlemspengar	270 000	257 224
3610 Turstiar - tilskot og eigeninntening	25 000	52 000
3611 Zipline - tilskot og eigeninntening		203 712
3614 Drift av turistinformasjonen		335 000
3616 Deltakarbetaling på møte	5 000	4 250
Samla inntekt	1 003 000	1 602 378
6018 Avskrivingar	7 000	8 382
6300 Kontor/maskin inventar	12 000	24 284
6290 ZIP-line kostnader		200 206
6541 Turstiar og reiseliv	20 000	56 401
6543 Film, bilete og TV	10 000	15 600
6544 Heima - utgifter	510 000	504 185
6550 Visit Kvam oppdatering og drift	20 000	27 612
6560 Rekvisita	1 000	511
6600 Innkjøp - turistinformasjonen		40 214
6603 Lønskostnad turistinformasjonen		241 187
6701 Dagleg leiar	250 000	270 000
6705 Styreleiar - honorar	20 000	16 000
6710 Konsulent - fagleg hjelp - revisjon	10 000	5 000
6780 Aktivitetsmanual arbeid og kostnader		21 294
6790 Arbeid med turstiar		98 200
6800 Rekvisita, Data,	20 000	23 999
6810 Trykksaker -aviser	10 000	15 890
6860 Møte, kurs, oppdatering	10 000	32 441
6861 Årsmøtekostnad	1 600	2 679
6900 Telefon og porto	5 000	6 742
7100 Køyregodtgjerdslø	5 000	
7340 Annonser / reklame / mat /repr.	10 000	10 663
7400 Kontingentar	15 000	17 500
7420 Gåver/ tilskot til andre	5 000	5 460
7790 Gebyr m.m. ørediff	2 000	2 661
7830 Tap på krav	5 000	9 213
Sum driftskostnader	948 600	1 656 324
Driftsresultat	54 400	-53 946
8040 Renteinntekt		344
8150 Rente og finanskostnad		
Rekneskapsresultat	54 400	-53 602

Handlingsplan for 2019

1. halvår 2019.

- Januar – februar . HEIMA-magasin
- 20. februar Team Hardanger – møte i Kinsarvik
- 27. februar Møte i reiselivsgruppa i KNR
- 5. mars Årsmøte på Hardanger Fartøyvernsenter
- Mars – april Visit Kvam. Oppdatering av internettside
- Mars: Felles styremøte med næringslaga.
- 27. mars Næringsalliansen møte i Norheimsund
- 9. april. HEIMA 1/2019 ligg i postkassane.
- Mars – april. Vegløysingar mot Kvamskogen – medlemsmøte
- Mars – april. Deltaking i arbeidsgruppe for ny vgs.
- Veke 23. Medlemsmøte med sesongavslutning

2. halvår 2019

September/oktober: Heima-magasin

- 26. november. HEIMA 2/2019 ligg i postkassane.
- Oktober: Medlemsmøte aktuell sak.

Medlemspengar for 2019

Desse satsane gjaldt i 2018

- Privatperson: kr 566
- Firma 1 – 5 årsverk: kr 1.133
- Firma 6 –10 årsverk: kr 2.266
- Firma 11–25 årsverk: kr 4.532
- Firma 26–50 årsverk kr 9.064
- Firma + 50 årsverk kr 11.330

I tillegg til dette kjem mva.

På årsmøte i 2018 auka vi satsane med auken i levekostnadsindeksen. (3,0%)

Om vi gjer det same i år bli summen slik (+3,5%)

Forslag til medlemspengar for 2019:

- Privatperson: kr 586,
- Firma 1 – 5 årsverk: kr 1.173
- Firma 6 –10 årsverk: kr 2.346
- Firma 11–25 årsverk: kr 4.693
- Firma 26–50 årsverk kr 9.381
- Firma + 50 årsverk kr 11.695

Vedtekter til Kvam Næringsråd. Framlegg på årsmøte 19. mars 2019

§ 1. FØREMÅL OG OPPGÅVER.

Kvam Næringsråd (KNR) er ein medlemsorganisasjon som skal arbeida for å skapa gode rammevilkår for næringslivet i Kvam og med særleg vekt på å gje tenester til medlemene.

§ 2. MEDLEMER.

Medlemer kan vera firma, privatpersonar og organisasjonar med tilknytning og interesse for næringslivet. Inn- og utmelding skal vera skriftleg og trer i kraft straks slik melding er gjeven. Medlemsskapet vert oppheva dersom årskontingent ikkje er betalt etter 2 purringar.

§ 3. ÅRSMØTET.

Årsmøtet er laget sitt høgaste organ. Årsmøtet skal haldast innan utgangen av mars månad og innkalling og sakliste skal sendast ut seinast 3 veker før møtet. Rekneskap og årsmelding for føregående år og andre sakspapir skal sendast ut seinast ei veke før årsmøtet. Årsmøtet er vedtaksført når innkallinga er gjort i samsvar med vedtektene og styreleiar eller nestleiar er til stades. Saker som medlemene ynskjer å ta opp på årsmøtet må vera styret i hende seinast 31. januar.

Ekstraordinært årsmøte kan haldast når styret eller 20% av medlemene krev det.

Årsmøtet skal handsama og gjera vedtak i desse sakene:

1. Godkjenning innkalling og sakliste.
2. Velja møteleiar og referent.
3. Val av 2 personar til å underskriva møteboka.
4. Årsmelding og rekneskap for føregående år.
5. Kontingent for komande år
6. Rettleiande budsjett og handlingsplan for komande år.
7. Val:
 - a. Styreleiar for eitt år.
 - b. Styremedlemer for to år
 - c. Nestleiar i styret for eitt år.
 - d. Nummererte varamedlemer til styret for eitt år.
 - e. Val av revisor for eitt år
 - f. Valnemnd til neste årsmøte
8. Fastsetjing av eventuell instruks for styre og revisor.

§ 4. STYRET.

Styret har 5 medlemmer og 2 varamedlemmer. Medlemmene i styret bør ha geografisk spreiding, representera ulike bransjar og skal ha representantar for begge kjønn. Minst 3 av styret må vera til stades for at styret kan vera vedtaksført, ein av desse leiar eller nestleiar. Fungerande styreleiar har dobbeltrøyst ved likt stemmetal. Styret held møte når styreleiar eller 2 styremedlemmer krev det og det skal førast referat frå styremøta.

Leiar i styret vert vald for 1 år om gongen og andre styremedlemmer for 2 år. Nestleiar vert vald mellom dei andre styremedlemmene med slik funksjon for 1 år. Varamedlemmer vert valde for 1 år i nummerert rekkefylje.

Styret tilset dagleg leiar i KNR som skal ha sitt ansvarsområde fastsett i eigen instruks. Styret skal også, i tett samarbeid med dagleg leiar, laga handlingsplanar, leggja planar for dagleg drift, økonomistyring og førebu saker som skal opp på årsmøtet.

§ 6. NEMNDER OG UTVAL.

Valnemnda skal ha 3 medlemmer med funksjonstid på 3 år. Etter forslag frå årsmøtet skal det kvart år gjerast val av ein ny medlem i valnemnda. Styret kan elles setja ned særlege nemnder og utval for å arbeida med saker som har interesse for KNR. For å sikra god kontakt med styret bør minst ein styremedlem vera med i kvar slik nemnd. Årsmeldinga bør innehalda opplysningar om arbeidet i nemndene.

§ 7. VEDTEKSENDRINGAR.

Endringar i vedtektene kan berre gjerast med $\frac{2}{3}$ fleirtal av dei oppmøtte på ordinært årsmøte etter at framlegget til vedtektsendring er sendt ut til medlemmene saman med årsmøtepapira.

§ 8. EKSTRAORIDNÆR TILHØVE.

Dersom det skulle oppstå tilhøve i KNR som desse vedtektene ikkje dekkar, skal desse handsamast etter det som er fastsett i aksjelova.

§ 9. OPPLØYSING AV LAGET.

Forslag om oppløysing av laget må fremjast skriftleg før årsskiftet, men kan berre behandlast av ordinært årsmøte og krev $\frac{3}{4}$ fleirtal av dei oppmøtte med røysterett på årsmøtet. Etter at oppløysing er vedteken kan årsmøtet med simpelt fleirtal avgjera korleis eventuell aktiva i laget skal nyttast.

Vedtekter for Kvam Næringsråd – vedtekne på skipingsmøtet 13.06.2005

§ 1 NAMN

Namnet til laget er Kvam Næringsråd.

§ 2 FØREMÅL

Kvam Næringsråd har som føremål å ta vare på og utvikla næringslivet sine interesser i regionen.

§ 3 MEDLEMER

Medlemmer kan vera firma, privatpersonar, private næringsdrivande og etatar / organisasjonar / lag med tilknytning til og interesse for næringslivet.

Kvart medlem skal ha 1 stemme. Innmeldinga må vera skriftleg og trer i kraft når medlemskontingenten er betalt. Utmelding skjer skriftleg.

Medlemmene skal aktivt og lojalt støtta rådet og arbeida for gode kollegiale tilhøve.

§ 4 ORGAN

Kvam Næringsråd sine organ er:

Årsmøtet

Styret

§ 5 KONTINGENT

Etter tilråding frå styret, fastset årsmøtet medlemskontingenten, som ein betalar 1 månad etter årsmøtet. Medlemskapen gjeld for kalenderåret. Rekneskapen fylgjer også kalenderåret.

Medlem som etter påkrav ikkje har betalt den årlege fastsette kontingenten, vert strøken som medlem

§ 6 STYRET

Laget vert leia av eit styre på 5 medlemmer (leiar og 4 styremedlemmer med 3 varamedlemmer i nummerert rekkefølge), alle valde av årsmøtet. Medlemene i styret skal ha geografisk spreining og representera ulike bransjar. Begge kjønn bør vera representert.

Leiar vert vald ved sers val for eit år om gongen. Dei andre styremedlemmene vert valde for 2 år. Mellom dei valde styremedlemmene vel årsmøtet nestleiar for 1 år. Varamedlemmene vert valde for 1 år. Kvart år er 2 styremedlemmer på val, første gong ved loddtrekning.

Styret tilset dagleg leiar og fastset løna.

Minst 3 medlemmer, av desse leiar eller nestleiar, må vera til stades for at eit styrevedtak skal vera lovleg.

Styret held møte så ofte leiaren eller minst 2 styremedlemmer krev det. Over styret sine drøftingar skal det førast protokoll.

Leiar leier styremøte og medlemsmøte. Er han hindra frå å møta, overtek nestleiar. Leiar og ein styremedlem pliktar laget med sine underskrifter.

§ 7 STYRET SINE FUNKSJONAR

Styret planlegg og leiar den daglege drifta av laget. Styret organiserer møteverksemda i samsvar med laget sitt føremål. Styret har ansvar for økonomien i laget og tek avgjerd i alle saker som ikkje skal avgjerast av årsmøtet.

Styret skal dessutan:

- a) Skriva årsmelding om laget sitt arbeid og leggja denne fram for årsmøtet.
- b) Behandla årsrekneskapen og leggja denne fram for årsmøtet.
- c) Gjera framlegg om medlemspengar og budsjett.
- d) Førebu og gje innstilling til handlingsplan.
- e) Førebu og gje innstilling i andre saker som skal leggjast fram på årsmøtet.

§ 8 ÅRSMØTET

Årsmøtet er laget si høgste makt. Det vert halde kvart år innan utgangen av februar månad. Styret fastset tidspunktet og sender innkalling med minst 14 dagars varsel. Saman med innkallinga bør sendast årsmelding og rekneskap for siste året og sakliste for årsmøtet. Ingen personar kan avgje meir enn 1 stemme.

Årsmøtet er vedtaksført når det er lovleg innkalla og når styreleiar eller nestleiar er til stades. Omfram årsmøte vert halde når styret eller minst 1/5 av laget sine medlemmer krev det. Dersom nødvendig, kan fristen innkortast ved innkalling til omfram årsmøte eller ved andre gongs innkalling til årsmøtet.

§ 9 ÅRSMØTET SINE FUNKSJONAR

Årsmøtet vedtek, opphever og forandrar laget sine lover.

Det skal vidare:

- a) Behandla styret si årsmelding.
- b) Behandla revidert rekneskap for siste året.
- c) Behandla budsjett etter framlegg frå styret.
- d) Godkjenne handlingsplan etter framlegg frå styret.
- e) Fastsetja medlemspengane etter framlegg frå styret.
- f) Velja leiar, styremedlemmer, nestleiar og varafolk i staden for dei som går ut av styret.
- g) Velja ein kvalifisert revisor.
- h) Behandla andre saker som styret legg fram.
- i) Velja valnemnd på 3 medlemmer til å førebu valet neste år.

Leiaren og dei andre styremedlemmene vert valde skriftleg dersom det er meir enn eit forslag eller nokon krev det. Dersom ingen av dei som er føreslegne til leiar får meir enn halvparten av røystene ved første gong røysting, skal det røystast mellom dei 2 kandidatane som har fått flest røyster ved første gongs røysting. Den som då får flest røyster, er vald til leiar.

Saker som nokon ynskjer å behandla på årsmøtet, må vera komne til styret innan 01. februar. Over årsmøtet sine forhandlingar skal det først protokoll som skal skrivast under av 2 medlemmer valde på årsmøtet.

§ 10 UNDERGRUPPER

Innan laget skal det vera høve til å oppretta fag- eller bransjegrupper. Undergruppene kan ha eigne vedtekter, som ikkje må vera i strid med laget sine lover, og som må vera godkjende av styret.

§ 11 LOVENDRINGAR

For endring av laget sine lover krevst det 2/3 fleirtal av dei møtande medlemmene og at forslag til lovendring er utsendt saman med innkallinga til møtet.. Alle andre avstemningar med det unntak som fylgjer av §13 vert avgjorde med vanleg fleirtal. Er stemmetalet likt, er leiaren si stemma avgjerande.

§ 12 EKSKLUSJON

Medlem som forgår seg mot laget sine lover eller vedtak, kan av styret ekskluderast eller suspenderast for ei fastsett tid. Vedtak om eksklusjon skal skriftleg meldast vedkomande og vedtaket skal grunngjevast. Styret si avgjerd kan ankast for årsmøtet. Anken har utsetjande verknad.

§ 13 OPPLØYSING

Oppløysing av laget kan skje når minst 1/3 av medlemmene krev det og årsmøtet med 2/3 fleirtal av medlemsmassen eller 2 påfølgande årsmøte vedtek det med vanleg simpelt fleirtal. Ved oppløysing vedtek årsmøtet , ved vanleg fleirtal, korleis eventuelle midlar skal nyttast.

Torleiv Ljones

Fra: Jahn Brattli Tolo <jahn@nhsfarge.no>
Sendt: tirsdag 26. februar 2019 12.22
Til: Torleiv Ljones
Emne: Innstilling valnemd

Hei Torleiv

Då har eg fått positive tilbakemeldingar frå kandidatane.

Valnemnda innstiller då fylgjande:

Ny styreleiar; Tone Søgård
Styremedlem: Connie Langeland (gjenvalg)
Styremedlem: Erlend Haugarvoll (gjenvalg)
1. varamedlem: Bård Ove Hjartnes
2. varamedlem: Martin Lunestad
Ny revisor: John Magnar Neteland

Med venleg helsing



FARGERIKE Norheimsund

Jahn Brattli Tolo
Dagleg leiar
E: jahn@nhsfarge.no
M: 97 07 14 90
T: 56 55 17 33

Norheimsund Fargehandel AS
Sandvenvegen 39A, 5600 Norheimsund
Postboks 184, 5601 Norheimsund

www.fargerike.no
Følg oss på [Facebook](#)